



Elin Enes held tala for dagen. I bakgrunnen sit ein imponert programleiar

Ettermiddagens program på Grunnlovsdagen var sprekt både ute og inne. Ute var det eit allsidig program med leikar og med tautrekkjing som ny og engasjerande disiplin, Inne heldt Elin Enes ei meiningsfylt tale for dagen som ho fekk langvarige klappsalvar for og som programleiar Kristian Olav Bringedal gav sterk ros.



Musikklaget er i framgang

Tautrekkjinga var eit spontant påfunn i ellefte time og må planleggjast betre hvis det skal satsast på innslaget til neste år. Det må til dømes organiserast lag som møter kvarandre i ein slags cup.

Talen til Elin var både ein historietime til å få forstand av og ein meiningsytring om viktige og aktuelle saker. Til dømes etterlyste ho ein langt større innsats her i landet for å betra kvinners liv og rettigheter, Ho kom også inn på innflyttarane til bygda som har fått arbeid, starta firma og er med og driv tannhjala her. Det tykte Elin var flott.

- Me må ynskja dei velkomne ved å integrera dei og bruke tilboda deira, sa ho og streka under at vi har mykje å læra av desse som har vore tøffe nok til å komma hit og starta eit heilt nytt liv. Samstundes kan vi hjelpa dei til rettes med det dei treng fo å finna ut av den byråkratiske papirmølla.

Elin meinte at nordmenn stort sett er ærlege og redelige men litt fjøsnissar som dreg hua godt nedover øyrane og har nok med vårt. Vi har jobben, familien og vennekretsen.

- Kor flinke er vi til å invitara nye menneske inn i våre liv, spurte talaren for dagen. Ho var sikker på at ved å inkludear nye inn i vår innerste krins så vil vi i tillegg til å gleda andre også utvida eigen horisont. Det kan kreva litt mot, men denne frykten er nesten alltid ubegrunna. Ho trakk fram Tlaren som er ein flott møteplass for folk i alle aldrar.



Dette er laget som truleg tapte

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Truleg var det dal-laget som vann